

# LEIK OG LIVSMEISTRING

Leik og livesmeistring er satsingsområdet vårt, og vi skal vi jobbe med inkludering og barnets identitet og tryggleik på eigen person, som er ei forutsetning for at barnet skal kunne samspele godt med andre, få venner, og fungere i eit fellesskap. Sosial kompetanse er ein viktig del av livesmeistringa. Barnehagen skal hjelpe barnet til å utvikle haldningar, tileigne seg ferdigheter, og få kunnskap om seg sjølv og andre. Sosial kompetanse handlar om korleis vi veks og utvikler oss, korleis vi har det inni oss, og korleis vi er mot kvarandre. Det er viktig for barnet sitt sjølvbilete å ha venner og vere ein ven for andre, å ta vare på kvarandre, vise omsorg, empati, respekt og ansvar. Det er nettopp i samspelet med dei andre i kvardagen vår at vi utvikler sosial kompetanse. Å lære å meistre livet sitt godt inneber også medverknad i kvardagen, få gode verdier, praktiske ferdigheter, kunnskap om ulike tema, digital kompetanse, fysisk og psykisk helse, m.m. Alt som gjer dei godt rusta til livet og samfunnet dei skal fungere i.

Leiken er grunnleggande, og den viktigste aktiviten for barn, leiken har eigenverdi, fordi det er her barn lærer og førebur sitt vidare liv, det er her dei lærer å meistre livet. Læring skal vere lystbetont, og barn skal få lære med heile kroppen og alle sansane sine, det er slik dei lærer best.



## PLANLEGGING, VURDERING OG DOKUMENTASJON

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemد som skal planleggast og vurderast. Det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon i barnet si læring, og vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtaler med foreldre. For å sikre at praksisen vår er i tråd med barnehagelova og rammeplanen, må vi dokumentere arbeidet, og vurdere det, dvs. det ped.arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast i personalgruppa, og er grunnlag for vidare planer.